

Alsaker Fjordbruk AS

5694 ONARHEIM

Vår dato: 14.05.2024

Vår ref.: 202306835-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Alsaker Fjordbruk AS - nytt inntak for vatn til produksjon av settefisk - Onarheimselva - Tysnes kommune - Vestland fylke – godkjenning av detaljplan for miljø og landskap.

Vi viser til søknaden dykkar om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap for nytt vassuttak frå Onarheimselva datert 14.04.2023.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for miljø og landskap mottatt 14.04.2023, sist revidert 30.04.2024 (Rev. 03) for bygging av nytt inntak og dam i Onarheimselva i Tysnes kommune.

Vilkår for godkjenninga

1. De skal orientere oss om dato for oppstart av anleggsarbeidet seinast 7 dagar før planlagt start. Vi skal og orienterast ved viktige eller kritiske fasar i anleggsarbeidet.
2. Hogst må skje utanom hekketida (april-juni).
3. Habitattiltaka og andre naudsynte tiltak i elva må skje i samråd med best mogeleg fiskefagleg kompetanse før, under og etter byggefasen.
4. Habitattiltaka og andre nødvendige tiltak i elva skal gjerast til tider på året når fisk tar minst mogleg skade (unngå smoltutvandrings- og swimup-perioden, april-juni).
5. Ålevandringa skal ha god funksjon for opp- og nedvandring av ål forbi dammen. De skal sende inn ein plan for dokumentasjon av funksjon innan anlegget vert sett i drift.
6. Det skal utarbeidast ein sluttrapport for miljø og landskap som skal sendast til NVE innan eitt år etter at anlegget er sett i drift. Rapporten skal dokumentere at anlegget er bygd i samsvar med konsesjon, godkjend detaljplan, føresetnader og eventuelle endringar som er godkjent i løpet av byggeprosessen. [Lekkje til mal](#).
7. Seinast ein måned etter at anlegget er sett i drift, skal de sende inn melding om dette til oss på skjema som ligg på vår heimeside (<https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>).



Detaljplan for miljø og landskap må vere i samsvar med dei vilkår og føresetnader som går fram av konsesjonen med notatet «*Bakgrunn for vedtak*» 9/2018 og nye føresetnader i løyve til endra plassering av inntaksdam (10.04.2024). Vi kan krevje fleire detaljar for alle delar av tiltaket. Slike planar skal godkjennast av oss før arbeida vert sette i gang.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 28.05.2018 post nr 4 og 10.

Tilsyn

NVE kan følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsystem etter forskrifta.

Vår handsaming av søknaden

NVE gav Alsaker Fjordbruk løyve til regulering av Onarheimsvatnet og uttak av vatn frå Onarheimselva til settefiskproduksjon den 28.05.2018. NVE har etter det gitt tre år forlenga frist for oppstart til 28.05.2024 vedtatt 28.05.2021. Det er seinare, etter søknad, gitt løyve til endra plassering av inntaksdam og inntaksrør i Onarheimselva (10.04.2024). Planendringa har nyleg vore på høyring. Synfaring før godkjenning av detaljplan vert gjennomført 28.04.2024.

Den nye inntaksdammen vil som den gamle utgjere eit vandringshinder for sjøaure og ål. I samband med tiltaket har Biota Naturkompetanse gjort fiskeundersøkingar og sett opp forslag til avbøtande tiltak i Onarheimselva.

Detaljplanen

Inntaksdammen i elva blir bygd på kote 14 med fast vasspegel på kote 18. Den nye dammen vil bli høgare (4 meter) og breiare (30 meter) for å sikre vasstilførsel (maks 170 l/s) til settefiskanlegget (inkludert reserveuttak). Samstundes skal dette gjere det mogleg å etablere arrangement for måling og slepp av minstevassføring (70 l/s), samt sikker ålepassasje både opp og ned. Eit ålegittar på inntaket, med lysopning på maksimalt 0,9 cm, skal sikre at ål går i elva og ikkje i anlegget. Tiltaka for ål skal planleggast, og gjennomførast, i samråd med fagleg kvalifisert person.

Det gamle dammen skal rivast.

Eksisterande vassleidning skal nyttast frå inntaket på kote 14 og ned til dagens anlegg. Det skal leggast to nye DN500 rør frå oppdrettsanlegget til inntaket. Røra leggast i ei felles grøft fram til inntaksområdet. Ny vassveg til nytt postsmoltanlegg skal koplast til.

Det skal leggast til rette for at anadrom fisk skal kunne nytte dei nedre delane av vassdraget, opp til inntaket, som gyte- og oppvekstområde og refugieområde. Forslag til habitattiltaksplan er utforma.

Det er planlagt maksimalt vassuttak på 170 l/s. Vassuttaket vert regulert med reguleringsventil på røyret og det vert installert vassmålar, slik at vassuttaket blir



kontinuerleg loggført. Det er krav til minstevassføring forbi inntaket på 70 l/s gjennom hele året. Det vert etablert ei måleanordning for registrering av minstevassføring. I inntaket vert det montert DN200 røyr og vassmålar for slepp og måling av minstevassføring. På røyret, nedstraums vassmålar, vert det montert automatisk ventil for regulering av minstevassføringa. Informasjonsskilt om krava til minstevassføringa og display som syner aktuell verdi vert plassert ved inntakskonstruksjonen. Verdier for slepp av vatn blir automatisk loggført og data blir lagra i styresystemet. Minstevassføring blir samla opp ved hovuduttaket og ført over via røyr i plastring og sleppes ut i dagens hovudvassveg i nærheita av åleoppvandringa. Dersom det er lite vatn i elva er det berre vatn i hovudelva, slik det er i dag.

Det er planlagt å etablere ein 95 meter lang driftsveg til inntaksdammen frå Fjellvegen (Fv 5078). Den midlertidige vegen vert bygd på same stad som ein eksisterande traktorveg. Vegen skal revegeterast som køyresterkt terreng etter anleggsfasen.

Det er planlagt eit rigg- og lagerområder ved utkøyrsele frå fylkesveg 5078. Riggområde for bygging av inntaksdam vil fungere som rigg og lager for maskiner, armering, utstyr, røyr og massar. Område er ca. 760 m². Eventuell vekstjord vil bli lagra separat og brukt i samband med oppussing og revegetasjon av terreng, skråningar og fyllingar.

Tiltaket vil ikkje føre til arealbruk utover område som er regulert til vassuttak.

Detaljplanen vart ikkje sendt på høyring av NVE, då den etter vår vurdering blei tilstrekkeleg høyrd då planendringssøknaden blei handsama.

I samband med planendringa knytt til konsesjonsprosessen har statsforvaltaren gitt positiv tilslutning til dei føreslegne habitattiltaka, men peika på at det må nyttast fiskefagleg kompetanse knytt til dette. NVE oppfattar detaljplanen til å samsvare med det som låg til grunn i planendringa, og at det er nytta fiskefagleg kompetanse i planlagt løysing, men har for ordens skuld valt å presisere kravet til fiskefagleg kompetanse i form av eit vilkår i dette vedtaket, og at dette gjeld både planlegging, etablering og driftsfase for habitattiltaka.

NVE føreset at dei avbøtande tiltaka, som er nemnd i detaljplanen vert gjennomført.

Vurdering av flaum og skredfare

Det er gjort berekningar av brotvassføring, kapasitet under nedstrøms bru og skildring av brotkonsekvensar i forbindelse klassifisering av dammen. Sjølve dammen med flaumvern er dimensjonert for 200 års flaum med 40 % klimapåslag, og dette er lagt til grunn for lengde overløp og høgde på flaumvernet. Utbredelsen er grunnlag for plasseringa av gangbruene.

NVE vurderer i konsesjonen at då uttaket er lite samanlikna med flaumvassføringa, og vassdraget har tidlegare vore regulert over lengre tid, vil tiltaket ha liten påverknad på flaum, ras og skred i og ved vassdraget.

NVE legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdier.



Vurderingar etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 set krav om at alle myndigheiter som forvaltar eller tek avgjerder som har verknader for naturen, er plikta å vurdere tiltaka opp mot relevante reglar i lova.

Saka er opplyst gjennom konsesjonshandsaming, og der er naturmangfaldlova kapittel II vurdert. Ein ny gjennomgang i planendringshandsaminga syner at desse er tilstrekkeleg oppdaterte og dekkande for godkjenning av detaljplanen. NVE har difor ikkje føreteke nye vurderingar av tiltaket som heilskap etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.

Merk at habitattiltaka no er vilkår i endringsløyve datert 10.04.2024.

Vurdering av minstevassføringsarrangement, skilting og merking

Metoden de har skildra for slepp- og dokumentasjon av minstevassføring er meint å oppfylle krava i post 1 i konsesjonen. Dette føreset at de installerer og driftar utstyret riktig.

Vi set krav til minstevassføringsarrangementet sin funksjon og godkjenner prinsippa for målemetode og løysing for slepp, men ikkje val av utstyr eller leverandør. Difor må de kunne dokumentere skriftleg for oss, at de har kalibrert og kontrollmålt utstyret. For slepp av minstevassføring målt direkte ved vassgjennomstrøyming i rør, er det sær viktig at de sikrar at de oppfyller føresetnadene for at måleutstyret gir riktige verdiar. Dette gjeld særleg krav om rettstrekning på rør, fylt vassrøyr og laminær vasstraum.

Dersom det viser seg at godkjent arrangement for slepp og dokumentasjon av minstevassføring ikkje oppfyller krav som er sett i vassdragskonsesjonen, kan vi krevje ombygging, jf. vassressurslova § 59.

Allmennheita skal kunne kontrollere at pålagd minstevassføring er oppfylt. NVE rettleiar 3/2020 «Slipp, måling og dokumentasjon av minstevassføring» skildrar korleis dette kan løysast. Sjå mal for opplysningsskilt på nettsidene våre www.nve.no

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

Tysnes kommune har opplyst at tiltaket er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplan (P nr. 4232, 12.09.2002, rev. 16.11. 2004). Plan- og bygningsloven gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

NVE godkjenner ikkje sikringstiltaket i munningsområdet i samband med godkjenninga av detaljplan for miljø og landskap. NVE rår til at kommunen handsamar erosjonssikring og



rehabilitering av mur og plastring i nedre del av elva og munningsområdet etter reglane i plan- og bygningslova (NVE si areal og sikringsavdeling er høyringspart).

Damsikkerhet

Dammane i vassdraget er begge plassert i konsekvensklasse 0 av NVE (04.08.2022).

Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

De må avklare verknadene av tiltaket i forhold til krava i post 3 om konsesjonæren sitt ansvar ved anlegg/drift og post 6 om kulturminne. Krava gjeld både i forkant av, og under anleggsperioden.

Privatrettslege rettigheter

De må ha avklart alle nødvendige privatrettslege rettigheter før anleggsarbeida tek til.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

De må innhente nødvendige godkjenningar etter anna lovverk.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Tysnes kommune når anlegget er ferdig bygd

Når anlegget er ferdig bygd, skal de sende kartdata i eigna format med alle fysiske anlegg til Tysnes kommune, slik at kartdata kan gjerast tilgjengeleg på ein enkel måte, jf. byggesaksforskrifta § 4-3 fjerde ledd.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

**Mottakarliste:**

Alsaker Fjordbruk AS

Kopimottakarliste:

Tysnes kommune

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>



Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.